

Dei fyrste kundane var på plass før Thavogna opna i dag.

22.02.2019



Nøyaktig kl. 14 i dag stod dei fyrste kundane på trappa til Poon Tip's take away. Trude Vikene og Maria med hunden Mango

Thavogna eller meir nøyktig Poon Tip:s Thai take away opna for matsal i dag. Alt før opninga kl. 14 var dei fyrste kundane på plass. 22. februar er det tidlegaste det har vore opning etter vinterstenging. Innehavar Pornthip Pomngern fortel at ho har 20 ulike rettar på menyen. Catering til grupper må tingast på førehand.

Starten på Thavogna var i 2013. Det er difor den 7. sesongen Pornthip driv sal av thaimat i Uskedalen. Uskedalen er den beste plassen, sentralt plassert i kommunen. Ho likar plassen og folket. Uskedalen er bygda ho har i hjarta sitt. Ho takkar for all støtte og trugne kundar som kjem tilbake gong på gong. Her vil ho vera og halda fram med si verksemd.

Fram til opninga i dag har ho jobba 2 - 3 veker med klargjering. Ho har mellom anna laga ferdig 2000 vårrullar og 2500 kyllingpinnar. Det er mat som er frosen ned og vert brukt i dei mest travle periodane. Ein av rettane er heil ny. Det er Mini Thai Tapas, som er vårrull, scampi, kylling cashewnøtter.

Opningstida fram til påske er fredag til sundag, kl. 14 - 20. I palme- og påskehelga vert det ope kvar dag. Opningstida vert også utvida i sommarferien, frå 3 til 4 dagar i veka.

Det er kort ventetid for dei som kjem i luka og tingar mat. For tinging på telefonen, bruk mobil: 970 68 597.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal